

Sluttrapport – Byregionprogrammet i Vest-Telemark

Vest-Telemarkmodellen
– regional utvikling av ein attraktiv nærings- og kompetansestruktur



Næringsutvikling



Bustad og bumiljø



Regionalt samarbeid og utvikling



Omdømmebygging



Samfunnsplanlegging



Stadsutvikling

(Illustrasjonar frå Distriktsenteret.no)

Innhold

1.0 Innleiing	3
2.0 Bakgrunn, mål og forankring av søknaden	4
2.1 Bakgrunnen for søknaden	4
2.2 Prosjektmål	4
2.3 Arbeidspakker (WP)	5
2.4 Forankring av søknaden	5
3.0 Styringsgruppe og prosjektleiing	6
4.0 Arbeidsgruppene	8
5.0 Arbeidspakkene - anskaffingar	9
6.0 Arbeidspakkene – leveransane	10
6.1 Arbeidspakke 1 – Bidra til etablering av næringshagar i alle Vest -Telemarkkommunane	10
6.2 Arbeidspakke 2 og 3 – 2: Etablere og utvikle ein effektiv samspillsarena mellom næringshagemiljøa i Vest- Telemark, for å auke økonomisk samspel og kompetanseutvikling. 3: Klargjere det enkelte næringshagemiljøs komparative fortrinn – spesialitetar og særtrekk	17
6.3 Arbeidspakke 4 – Styrking av regionens bustadattraktivitet gjennom fokus på bukvalitet, behov og utviklingspotensiale i samspill mellom sentrum og omland	23
6.4 Arbeidspakke 5 – Etablere Vest-Telemark utviklingsarena	29
6.5 Arbeidspakke 6 – Utvikling av offentlig forvaltning og privat samarbeid i nettverk	32
7.0 Erfaringar	36
7.1 Forankring i kommunane og i næringslivet i Vest-Telemark	36
7.2 Anskaffing	37
7.3 Prosjektleiing	37
7.4 Nettverkssamlingane i regi av Distriktsenteret	37
8.0 Vegen vidare	39
8.1 Felles plan	39
8.2 Næringsareal	39
8.3 Tiltak	39

1.0 Innleiing

"I en kunnskapsbasert økonomi er læring nasjonens nye valuta."

Robert Reich

"Å skape kunnskap innebærer både å legge til rette for relasjonsbygging og dialog, og å utvikle en felles kunnskapsbasis for hele organisasjonen, på tvers av geografiske og kulturelle grenser. På et dypere nivå hviler det også en ny forståelse av betydningen følelser og omsorg har i en organisasjon. Det betyr noe hvordan mennesker oppfører seg mot hverandre, og kreativitet må oppmuntres – det må til og med være lov å leke."

"Slik skapes kunnskap", Von Krogh, Ichijo og Nonaka

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) seier dette om Byregionprogrammet:

"Byregionprogrammet skal øke kunnskapen om samspillet mellom by og omland for å styrke disse områdenes regionale vekstkraft. KMD ønsker å legge til rette for positiv utvikling i byregioner.

Byregionprogrammet skal øke kunnskapen om samspill mellom by og omland og regionenes næringsmessige potensiale.

Det er et mål at den økte kunnskapen skal bidra til strategier og tiltak som styrker regionen som helhet."

Utviklingsprogrammet for byregionar – Byregionprogrammet (ByR) – har hatt som mål:

"å gje støtte til gjennomføring av nødvendige prosesser, etablering av nettverksarenaer, delta i nettverkssamarbeid i byregionprogrammet, innhenting av kunnskap mv, for å utvikle strategiar og tiltak som kan medverke til å fremme økonomisk vekst i regionen basert på samspelet mellom byen og omlandet. Regionen sitt mål er å utvikle sterke "motorar" i alle regionens kommunesentra som verkar attraktive for rekruttering av arbeidstakrar og utvikling av eksisterande og nytt næringsliv og næringskjeder." (KMD)

Vest-Telemark (VT), med kommunane Vinje, Tokke, Seljord, Kviteseid, Nissedal og Fyresdal søkte om deltaking i Byregionprogrammet med grunnlag i politiske vedtak i kommunane våren 2015. Tokke kommune sto som ansvarleg søker og prosjekteigar, med plan- og næringssjef Gunhild Austjord som prosjektansvarleg. Søknaden blei godkjent med tilsegn av 10.07.2015 og med samla tilskot på kr. 2 680 000,- for perioden 2015 – 2017. Arbeidet starta hausten 2015.

Vi søkte oss direkte inn i ByR-programmet i fase 2 utan å ha vore med i fase 1. Bakgrunnen var at vi trudde at dette programmet ikkje var aktuelt for distriktskommunar. Det var etter at Telemark Fylkeskommune v/Lene Hennum jobba for at alle regionane i Telemark skulle kunne inngå i programmet at det blei søkt direkte i fase 2. Omgrepet "fleirkjernestruktur" var sentralt i dette, noko som passa godt til Vest-Telemark.

2.0 Bakgrunn, mål og forankring av søknaden

Prosjektnamn:

Vest-Telemarkmodellen – regional utvikling av ein attraktiv nærings- og kompetansestruktur.

2.1 Bakgrunnen for søknaden

Vest-Telemark har under utvikling sterke næringshagemiljø i sentrumsområda til alle tilknytte kommunar. Gjennom utvikling av samspelet mellom næringshagar, næringsliv og kommunar i regionen skal prosjektet bidra til ei kopling mellom regionens omland og sentrumsstruktur. Ein fleirkjerna struktur av tverrfaglege kompetansemiljø med over 100 arbeidsplassar i kvar kommune (100+ miljø), vil gjere regionen meir attraktiv, sikre busetting i heile regionen, samt skape grunnlag for offentleg/privat samarbeid som kan sikre næringsutvikling og løyse kompliserte samfunnsoppgåver.

Samfunnsanalysa for Vest-Telemark tydeleggjorde manglande samspel mellom kommunane, låg bustadattraktivitet, samt få nyetableringar, som dei primære flaskehalsane for utvikling i regionen. Prosjektet skal møte desse utfordringane ved å kartlegge og bidra til utvikling av ein robust fleirkjernestruktur med utgangspunkt i regionen sine næringshagar, samspelet mellom desse internt og mot anna næringsliv, kommunar i regionen og fylkeskommunen. Utvikling av kompetancesentrums og spisskompetanse på viktige fagfelt vil sikre utvikling av attraktive arbeidsplassar og stimulerande fellesmiljø.

2.2 Prosjektmål

1. *Utvikle sterke regionale "motorar" i regionens kommunesentra som verkar attraktive for rekruttering av arbeidstakrarar og utvikling av eksisterande og nytt næringsliv og næringskjelder.*
2. *Utvikling av solid kompetansemiljø som kan representere spisskompetanse på respektive fagfelt til beste for heile regionen for å auke det økonomiske samspelet mellom næringsmiljøa.*
3. *Styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor i skjeringspunktet mellom lokale næringshagar og communal samfunnsutvikling og tenester.*
4. *Auke regionens bustadattraktivitet gjennom erfaringsutveksling der ein koplar ein attraktiv arbeidsmarknad med varierte bumiljø i heile regionen.*

2.3 Arbeidspakker (WP)

Det blei med grunnlag i desse måla laga seks arbeidspakker (WP):

- 1) Bidra til etablering av næringshagar i alle Vest-Telemarkkommunane.
- 2) Etablere og utvikle ein effektiv samspillsarena mellom næringshagemiljøa i Vest-Telemark, for å auke økonomisk samspel og kompetanseutvikling.
- 3) Klargjere det enkelte næringshagemiljøs komparative fortrinn – spesialitetar og særtrekk.
- 4) Styrking av regionens bustadattraktivitet gjennom fokus på bukvalitet, behov og utviklingspotensiale i samspill mellom sentrum og omland.
- 5) Etablere Vest-Telemark utviklingsarena.
- 6) Utvikling av offentleg forvaltning og privat samarbeid i nettverk.


Arbeidspakke 2 og 3 blei tidleg i prosjektet slått saman, med felles arbeidsgruppe og rapport.

2.4 Forankring av søknaden

Prosjektet baserar seg på føringar og konklusjonar i Regional plan for samordna areal- og transport for Telemark 1015-25 (Telemark fylkeskommune 2014). Vidare er det forankra i Vest-Telemarkrådet i vedtak av 27.10.14 der regionen ga mandat til å utvikle samfunnsanalyse for Vest-Telemark og klargjere for søknad om deltaking i ByR fase 2. I vedtak av 25.04.15 ga regionrådet tilslutning til prosjektsøknaden og innsending på vegne av regionen. Søknaden og eigenfinansieringa blei med ulike datoar fortløpande formelt godkjent ved kommunestyrevedtak i dei deltakande kommunane.

3.0 Styringsgruppe og prosjektleiing

Som illustrasjonen syner, blei det etablert ei prosjektleiing med styringsgruppe, og arbeidsgrupper for kvar arbeidspakke.



Deltakarkommunane peika sjølv ut sine medlemer i styringsgruppa, og prosjektleiinga vart sett saman slik:

Tokke kommune	Gunhild Austjord	Plan- og næringssjef	Prosjektansvarleg
Fyresdal kommune	Edvard Nesland	Næringssjef	
Kviteseid kommune	Elisabeth Lid	Næringssjef	
Nissedal kommune	Hildegunn Rønningen *)	Næringskonsulent	
Seljord kommune	Asbjørn Storrusten	Næringssjef	
Vinje kommune	Gry Åsne Aksvik	Plan- og økonomisjef	
Vest-Telemarkrådet	Ole Dalen **)	Utviklingssjef	Prosjektleiar

*) Kari Olstad: representerte Nissedal kommune frå starten, men blei tidleg i prosjektet erstatta av Hildegunn Rønningen.

**) Ole Dalen: †14.08.2018

Kvifor denne styringsgruppa?

- Det var ei utfordring for svært mange å avsetje tid til ”endå eit prosjekt” – møter i styringsgruppa kunne ofte samkøyrast med møter i Næringskollegiet i Vest-Telemark.
- Gruppa hadde deltakarar som i utgangspunktet var ”internt jambyrdige”.
- Fleire interessante fagområde gjorde det nyttig og motiverande å møtast.
- Det var lett å dra inn tilgrensande tema, som gav kompetanseheving for deltakarane.

Prosjektleiar Ole Dalen, som hadde rolla som utviklingsleiar i Vest-Telemark, var tilsett i Vest-Telemarkrådet. Han hadde særsklig kunnskap om utviklingsarbeidet i alle kommunane i VT.

Tokke kommune hadde tatt på seg å vere sokkommune og rolla som prosjekteigar, og det var difor naturleg å ha Plan og næringssjef i Tokke, Gunhild Austjord, som prosjektansvarleg.

At prosjektleiinga var tilnærma personidentisk med Næringskollegiet i VT (samarbeidsorganet for det kommunale næringsapparatet i VT), førte mykje kompetanse inn i prosjektarbeidet, men ga også betydeleg kompetanseheving til dei næringsansvarlege.

Møter, arbeid med anbodsutlysing, deltaking/leiing i arbeidsgrupper i dei ulike arbeidspakkene, og deltaking i samlingar i regi av Distriktsenteret har gitt medlemmene av styringsgruppa/prosjektleiinga auka kompetanse, intern trygghet og kollegialitet. Dette arbeidet har og styrka VT-kommunane og evna til å gjennomføre viktig ting som region, på tvers av særinteresser og kommunegrenser.

4.0 Arbeidsgruppene

Det blei oppretta fem arbeidsgrupper, ei for kvar leveranse/arbeidspakke (WP). Det var opprinnelig seks arbeidspakker, men WP 2 og WP 3 var så like at dei blei slått saman.

WP 1

Aktør	Deltakar	Rolle
Seljord	Asbjørn Storrusten	Styringsgruppa - leiar
Vinje	Gry Åsne Aksvik	Styringsgruppa
Vest-Telemarkrådet	Ole Dalen	Prosjektleiar

WP 2-3

Aktør	Deltakar	Rolle
Tokke	Gunhild Austjord	Prosjektansvarleg - leiar
Telemark Næringshage	Svein Foldøy	Telemark Næringshage AS
Vest-Telemarkrådet	Ole Dalen	Prosjektleiar

WP 4

Aktør	Deltakar	Rolle
Kviteseid	Elisabeth Lid	Styringsgruppa - leiar
Tokke	Gunhild Austjord	Styringsgruppa – prosj. ansv.
Seljord	Frid Berge	Plansjef
Nissedal	Sveinung Seljås	Plansjef
Fyresdal	Einar Mikkelsen	Seniorkonsulent, plan
Vinje	Lotte Næss	Arealplanleggjar
Vest-Telemarkrådet	Ole Dalen	Prosjektleiar
Telemark fylkeskommune	Lene Hennum	Rådgjevar plan, rettleiing

WP 5

Aktør	Deltakar	Rolle
Seljord	Asbjørn Storrusten	Styringsgruppa - leiar
Nissedal	Hildegunn Rønningen	Styringsgruppa
Vest-Telemarkrådet	Ole Dalen	Prosjektleiar
Telemark Næringshage	Svein Foldøy	Dagleg leiar
VT Næringsforum	Kristin Vedum	Seniorkonsulent
VT vgs, ressurssenteret	Karl Torstein Hetland	Ansvarleg, ressurssenteret
Telemark Teknologipark	Anne Marte Sperre Kaasa	Dagleg leiar

WP 6

Aktør	Deltakar	Rolle
Fyresdal	Edvard Nesland	Styringsgruppa - leiar
Vest-Telemarkrådet	Ole Dalen	Prosjektleiar
Attføringscenteret i Rauland	Svein Kostveit	Dagleg leiar

5.0 Arbeidspakkene - anskaffingar

Det blei tidleg bestemt at prosjektet måtte ut på anbod. Sidan prosjektet i søknaden var dela opp i seks delar (arbeidspakker – WP), blei det lagt ut slik av tilbydarar kunne gi anbod på enkeltdelar eller heile, og at styringsgruppa fritt kunne velje leverandør til kvar spesifikke arbeidspakke. Arbeidspakke 1 valte vi å bruke eigen prosjektleiing til å utføre.

Innkjøpskontoret AS v/ Roy Pettersen og Ole Henrik Fjeld blei engasjert til å hjelpe oss med utarbeiding av tilbodsgrunnlag, vurdering av tilbod, og beslutningsprosessen. Dette fungerte svært godt.

Etter kunngjering på Doffin/TED fekk vi inn fire tilbod innan fristen 16.12.15. Eitt tilbod omfatta bare arbeidspakke 4 (Asplan Viak), dei andre gav tilbod på alle.

Tilbydarar:

- Asplan Viak AS
- Ernst & Young AS
- Oxford Research
- Næringshagekonsortiet i Vest-Telemark v/ Vest-Telemark Næringsutvikling AS

Etter vurdering av pris (45%), oppdragsspesifikk kompetanse (50%) og leveringssikkerheit (5%), blei det gjort slik tildeling:

Arbeidspakkene 2, 3, 5 og 6	Næringshagekonsortiet i Vest-Telemark
Arbeidspakke 4:	Asplan Viak AS, Bergen

At fleire av verksemndene i næringshagane i Fyresdal og Kviteseid etablerte eit «næringshagekonsortie» og samarbeidde om tilbodet ved å bruke dei ulike bedriftene sin komplementære spisskompetanse for å utfylle kvarandre og redusere sårbarheita ved å vere små verksemder, blei vurdert som svært positivt. Denne forma for samarbeid er heilt i tråd med måla som var sett for dette prosjektet!

6.0 Arbeidspakkene – leveransane

6.1 Arbeidspakke 1 –

Bidra til etablering av næringshagar i alle Vest -Telemarkkommunane

Denne delen av prosjektet var ikke med på hovedanskaffinga gjennom Doffin/TED. Kartlegging av statusen for det pågående arbeidet for å etablere næringshagar og næringshagemiljø i alle Vest-Telemarkkommunane blei gjort som ei av tre direkteanskaffing heilt i starten av prosjektarbeidet. Denne blei levert frå Vest-Telemark Næringshage AS, seinare Telemark Næringshage AS, 01.02.2016.

Oppdrag:

- Kartlegge miljø og aktørar
- Kartlegge arbeidsoppgåver som må løysast av aktørane
- Kartlegge sterke og svake sider ved dagens organisering

6.1.1 Status

Rapporten frå Telemark Næringshage AS blei levert tidleg i 2016, og prosjektleiinga har difor i denne sluttrapporten utvida og oppdatert faktaopplysningane.

Det har i lengre tid vore arbeidd med etablering av det som blir kalla næringshagar i Vest-Telemarkkommunane. Det er etablert næringshageselskap i kommunenesenteret i fire av kommunane. I Vinje kommune har etableringa vore knytt til Attføringscenteret i Rauland. I Nissedal blir det arbeidd med andre løysingar for samlokalisering av bedrifter.

I fleire oversyn er det bare SIVA-næringshagane*) som er tatt med, og det er litt usemje om kven som har rett til å kalle seg Næringshage. På Wikipedia er dette definert slik:

Næringshagene i Norge er institusjoner som tilbyr samlokalisering av bedrifter med spesialisert kompetanse i næringssvake områder.

Næringshagene i Norge består av 47 små forretningssenter over hele landet, hvor oppstartsbedrifter er samlokalisert. Næringshagene er et nasjonalt programkonsept, startet i 1998, eid og delvis finansiert av kommunal- og regionaldepartementet.

*) SIVA er eit statsføretak som driftar eit næringshageprogram som skal bidra til auka nasjonal verdiskaping gjennom tilrettelegging for utvikling av kompetansearbeidsplassar i eksisterande næringsliv og ved etablering av nye bedrifter. Grunnideen er at samlokalisering av mindre kompetansebedrifter skal bygge opp større faglege og sosiale miljø.

I ByRegionprosjektet har vi frå starten lagt til grunn at ein samlokalisering av utviklingsorienterte bedrifter med felles mål om vekst, samarbeid og utvikling, blir kalla ein næringshage. I Næringshagen får bedriftene tilgang til kompetanse, nettverk og et fagleg og sosialt fellesskap. I tillegg kan det vere ein større eller mindre gard av organisering av drift og konkrete utviklingstiltak. Næringshagar skaper verdi for bedriftene, lokalsamfunnet og det regionale næringslivet.

Privat næringsliv skal alltid vere pådrivarar til prosessen rundt etablering og utvikling av ein næringshage. SIVA gir ein basisfinansiering til næringshagar som er med i dette programmet.

I prosjektperioden har ein erfart at ulike behov har gitt andre løysingar enn det som er innhaldet i dei to næringshagane som kom først i gang, og som har vore i full drift ei tid; Telemark Næringshage AS i Kviteseid og Fyresdal Næringshage AS i Fyresdal. Dette har vi sett i både Vinje og Nissedal.

Arbeidet med næringshageetablering i Vest-Telemark har organisatorisk følgt "Fyresdal-modellen", med ei todeling:

- 1) Etablering av eigedomsselskap som skal eige og utvikle eigedom og kontorfasilitetar og
- 2) Etablering av driftsselskap som skal drifte næringshagen og i ulik grad bidra med utvikling av bedriftene i næringshagemiljøet.

Vest-Telemarkkommunane har i prosjektperioden lagt inn stor arbeidsinnsats for å utgreie aktuelle problemstillingar rundt etablering av ein næringshage i kommunen, utgreie finansieringsløysingar for eigarskap og drift, og utgreie modellar for samarbeid med investorar/bedrifter som både vil leige og gå inn på eigarsida. I tillegg har fleire kommunar lagt inn betydelege beløp på eigarsida i både bygg og driftsselskap, og i direkte driftstilskot.

Ei av hovudutfordringane ved dette, er at fleire av kommunane i stor grad har tatt ei leiande rolle som pådrivar og organisator. Ofte har det lege sterke politiske føringar bak, og manglande forankring i næringslivet. Private bedrifter har difor vore avventande, og ikkje i stor nok grad vore involvert i etableringsfasen - særleg ved val av modell - og i arbeidet med å finne gode finansieringsløysingar for drift og utviklingsarbeid. Dette har ført til stort press på kommunane om å ta ei eigarrolle og gå inn med aksjekapital i både eigedom- og driftsselskap.

Fleire stader vil kan hende etablering av gode samlokaliseringssmiljø gi mindre verksemder mange av dei same effektane dei ville ha fått i en større næringshage. Ei avtale om å vere målbedrift i SIVA-systemet gjennom Telemark Næringshage i Kviteseid, kan gi dei nødvendig fagleg og økonomiske hjelpe til utviklingsarbeid. Løysinga ein har funne i Nissedal kommune er eit godt døme på dette.

6.1.2 Eigarskap i selskapa og driftsstøtte i prosjektperioden

Kommunane som er involvert i næringshagebygga og/eller driftsselskapa i næringshagane har ulike eigarskap og kapitalinnskot:

Kommune	Næringsbygg		Næringshageselskap		
	Eigarskap i %	Kap. innskot	Eigarskap %	Kap. innskot	Driftstilsk. 2015-18
Kviteseid	31,37	Kr. 4 000 000	29,29	Kr. 345 000	0
Tokke	100,00	Kr. 4 000 000	41,67	Kr. 45 000	Kr. 300 000
Vinje	57,14	Kr. 3 999 200	Ikkje etablert		*) Kr. 520 000
Fyresdal	48,87	Kr. 5 400 168	36,67	Kr. 11 000	Kr. 2 100 000
Seljord	14,28	Kr. 1 000 000	23,25	Kr. 10 000	**) Kr. 1 150 000
Nissedal	Ikkje etablert		Ikkje etablert		
Samla		Kr. 18 399 368		Kr. 411 000	Kr. 4 070 000

*) Vinje kommune løyvde i 2015 kr. 520 000 til forstudie og prosjektutvikling.

**) Seljord kommune ga i 2017 kr. 125 til drift og kr. 500 000 i prosjektstøtte, i 2018 kr. 525 000 til drift.

Kviteseid kommune

Telemark Næringshage AS (tidlegare Vest-Telemark Næringshage AS).

Selskapet er ikkje direkte knytt til drift av bygget, men driftar likevel kantine og reinhald.

Denne næringshagen blei tatt opp i SIVA sitt program i 2012, og er den einaste næringshagen i Telemark som er ein fullverdig SIVA-næringshage (innovasjonsselskap). Hovudaktiviteten er konsulenttenester til bedriftene i bygget og andre bedrifter i Vest-Telemark som har ein strategi om innovasjon, utvikling og vekst – målbedrifter – og som har inngått målbedriftsavtaler. Desse utviklingstenestene er delvis finansiert av SIVA og Telemark Fylkeskommune (TFK).

I Telemark Næringshage AS er det tilsett dagleg leiar, tre forretningsutviklarar og ei stilling på kantine/drift. Dei gjev tilbod om kompetansemekling for heile regionen, og har ansvaret for drift av Etablerarkontoret for Vest-Telemark.

I næringshagen er det pr. september 2018 lokalisert 16 bedrifter, med til saman 49 tilsette. Telemark Næringshage har eit sterkt miljø innan IT og dатateknologi/nanoteknologi.

Eigarskap: Kviteeid kommune: 29,29%, SIVA SF: 20,2%, Kviteeid Næringslag: 14,14%. Resten er fordela på sju private, lokale verksemder. Nokre av desse er og leidgetakrar i næringshagebygget.

*Fyresdal kommune
Fyresdal Næringshage AS*

Fyresdal Næringshage AS (FNH) er drifts- og utviklingsselskapet i næringshagen, og etablert i november 2013 i samarbeid mellom private og offentlege aktørar i Fyresdal.

Driftsinntektene har basert seg på sal av tenester, prosjektnintekter og driftstilskot frå Fyresdal kommune og Telemark fylkeskommune. Selskapet skal i tillegg til dagleg drift legge til rette for at nye og eksisterande bedrifter i næringshagebygget skal få moglegheit til vekst og utvikling, samt arbeide aktivt for å rekruttere nye bedrifter til næringshagen. Pr. i dag har Silva Consult AS ansvaret for dagleg leiing og drift av FNH. Fyresdal Næringshage AS gir tilbod om kompetansemekling, i samarbeid med Telemark Næringshage AS

Første byggetrinn (Vestfløyen) stod ferdig i 2014 med 40 moderne kontor og kafe/kantine. Hausten 2016 opna Austfløyen med ytterlegare 40 kontor, og god møteromskapasitet og fellesareal. I tillegg til ca. 15 private verksemder rommar næringshagebygget også Fyresdal kommune, NAV Fyresdal og kyrkjekontoret, og samla fagmiljø offentleg/privat nærmar seg 100 personar. Dette er det næreste vi kjem 100+ -miljø blant næringshagane i regionen. Samlokaliseringa med kommuneadministrasjonen er og unik i landet.

Næringshagen i Fyresdal har eit sterkt miljø innan naturforvalting og bioøkonomi.

Eigarskap: Fyresdal kommune: 36,67%, Faun Naturforvaltning AS: 33,33%, Fyresdal Næringsorganisasjon: 14%, Karl Rune Hansen, 6,67%, Telemark Lys 6% og Vest-Telemark Næringsforum: 3,33%.

*Tokke kommune
Dalen Næringshage AS*

Selskapet Dalen Næringshage AS blei stifta i juni 2015. Det var då planar om å bygge næringsbygg for å etablere næringshage med samlokalisering av fleire aktuelle bedrifter, der særleg ei lokal bedrift som hadde behov for meir areal, var sentral aktør. Det blei i denne perioden lagt ned mykje arbeid med både byggeplanar og utvikling av driftsmodell for ein næringshage på Dalen. Eit eigarskifte i den mest sentrale bedrifta førte til at denne trekte seg, og det blei uvisse om bygningsmasse for lokalisering av næringshagen. Tokke kommune har etter det kjøpt næringsbygg på om lag 3000m² som inneholdt både produksjonslokale, lagerareal og kontorfløy. Arbeid med strategiar for utvikling og bruk av dette næringsbygget skal prioriterast høgt i året som kjem. Eit alternativ som skal vurderast er etablering av "produksjonshage".

I Tokke kommune er det eit sterkt fagmiljø innan industri og produksjon.

Eigarskap: Tokke kommune: 41,67%, Dalen Næringsamskipnad: 9,26%, Olav Solvang AS: 9,26%, Brunvoll Mar-El AS: 9,26%, Fysio Vital AS: 9,26, Andre: 21,3%.

*Seljord kommune
Seljord Næringshage AS*

Selskapet Seljord Næringshage AS blei stifta i mai 2014.

Seljord Næringshage har i 2018 forsterka samhandlinga med dei andre næringshagane i Vest-Telemark, så som Telemark Næringshage AS i Kviteseid, Fyresdal Næringshage AS og Dalen Næringshage AS. Dette samarbeidet har resultera i at ein legg opp til ein tettare dialog og til hjelpe kvarandre etter behov, særleg ved næringsetableringar, i heile regionen.

Seljord Næringshage har nå ingen ledige kontor. 14 bedrifter og fire klubbar/organisasjonar held til i næringshagebygget, samt vaksenopplæringa og flyktningtenesta i kommunen. Det er vedtatt å byggje ut næringshagen med 15 nye kontorplassar. Desse er allereie tinga av verksemder som veks ut av dagens areal. Dette vil frigje 7 kontorplassar i den gamle fløya. Byggjestart er september 2018.

Seljord har eit sterkt miljø innan handel og reiseliv, og eit sterkt miljø innan teknologi (Telemark teknologipark) er under utvikling.

Eigarskap: Sn Eigedom AS: 23,26%, Jos Holding AS: 23,26%, Seljord kommune: 23,26%, Astono AS: 11,63%, Seljord Rekneskapsservice AS: 11,65%, Adaptiv Arkitektur AS: 4,65% og Vest-Telemark Næringsforum: 2,33%.

*Vinje kommune
Rauland Næringshage / RN Eigedom AS*

Eigedomsselskapet Rauland Næringshage AS blei stifta i juni 2016, men det er ikkje stifta driftsselskap ennå.

I Vinje kommune var det eit ynskje å etablere ein næringshage knytt til Attføringsenteret i Rauland (AiR). Dette har 80 tilsette, og er både ein landsdekkande helseinstitusjon innan spesialisthelsetenesta og eit nasjonalt senter for arbeidsretta rehabilitering. AiR ynskte ei samlokalisering for å få gode synergieffektar og betre driftsøkonomi, og tok difor ei leiarrolle i dette arbeidet. I starten av 2017 vart det gjort eit styrevedtak i eigedomsselskapet, som er eigmeld av Vinje kommune (57,14%) og Vest-Telemark Næringsbygg AS (42,86%), om bygging av 600 m² næringshagebygg med plass til 30 kontor. Anbodsdokument blei lagt ut i mai 2017. Framdrifta blei noko redusert mellom anna grunna uavklarte spørsmål ved tomta og utfordringar ved anbodsprosess/økonomi. Arbeidet er nå i full gang, og forskjellige løysingar blir vurdert på ny.

Vinje kommune vurderer å legge noko av det helseretta arbeidet til denne næringshagen, mellom anna psykologteneste og Friskliv.

I Rauland sentrum er det og etablert eit kontorfellesskap med fem-seks mindre/mellomstore verksemder innan bygg/anlegg, utan at dei har rett til å kalle seg Næringshage.

Nissedal kommune

I Nissedal kommune er det ikkje etablert eit eige næringshageselskap. Det lokale næringslivet og kommunen har valt ein annan modell, med nært samarbeid med Telemark Næringshage. Mange bedrifter er tatt opp som målbedrifter i SIVA-konseptet og får profesjonell hjelp til utvikling gjennom dette. Det er etablert eit privat kontorfellesskap i Treungen teknologipark med 20 kontorplassar i Treungen sentrum.

I tillegg har entreprenørverksemda Knut Haugsjå AS hausten 2018 tatt i bruk eit nytt kontorbygg på industriområdet i Treungen. Der er 2. etasje sett av til utleigekontor for å utvikle eit kompetansemiljø, og med felles fasilitetar.

6.1.3 Resultat

Næringshagane i Kviteseid og Fyresdal var allereie etablert før prosjektet starta. Begge desse har utvikla seg i prosjektperioden, og dei har vore førebilete for arbeidet med å etablere næringshagar i dei andre VT-kommunane.

Det hadde allereie utvikla seg eit spisskompetansemiljø i den enkelte kommune, med til dømes IT, handel/reiseliv, bioøkonomi/naturforvalting, industri og helse. Det har ein i prosjektarbeidet sikt å styrke, slik at dette skulle bli et fortrinn for regionen i staden for at det skulle bli konkurranse mellom dei. Gode samarbeidsavtaler vil her vere viktig.

Det har i prosjektperioden vore eit omfattande utgreiings- og planleggingsarbeid i alle kommunane, med felles fokus: Samlokalisering, kunnskapsdeling, utvikling og vekst.

Gjennom arbeidsprosessane har det og blitt meir og meir klart at til dømes Fyresdal-modellen ikkje er direkte overførbar til dei andre kommunane. Engasjementet frå aktuelle bedrifter, den lokale spisskompetansen og styrken, politiske ynskje og engasjement, geografi, med meir, har synt at andre modellar for gode samlokaliseringsmiljø kan skape mange av dei same effektane som ein har i ein næringshage, og med mindre økonomiske krav til både bygg og drift.

Prosjektarbeidet har tilført mykje kompetanse om næringshageetablering til regionen. Arbeidet med å etablere næringshagemiljø – eller eit meir korrekt namn: samlokaliseringsmiljø – for å skape vekst og utvikling, vil halde fram. Løysingane i den enkelte kommune vil likevel få ei større grad av lokal tilpassing enn det vi først trudde.

6.1.4 Måloppnåing

I både Kviteseid og Fyresdal var det allereie etablert næringshagar. Sjølv om det ikkje var aktuelt å etablere fleire SIVA-hagar, har desse modellane både vore til inspirasjon i arbeidet, og førebilete for liknande etableringar i dei andre VT-kommunane.

Resultat og løysingar har blitt meir ulike enn det vi hadde som utgangspunkt. SIVA-modellen eller Fyresdal-modellen passar ikkje for alle. Det syner at tanken om at alle kommunane skulle ha ein næringshage lik på desse, nok var ei betydeleg overvurdering. Arbeidet har vist

at det er viktigare å få etablert samlokaliseringssmiljø som er tilpassa det lokale næringslivet sine ynskje og behov.

Tittelen i arbeidspakke 1: "Bidra til etablering av næringshagar i alle Vest –Telemark-kommunane", er ikkje nådd om vi legg til grunn ein streng definisjon av kva ein næringshage er. Om vi utvidar definisjonen til samlokaliseringssmiljø for bedrifter for å skape utvikling og vekst, har vi nådd dette. Vi ser og at tittelen har vore for snever – erfaringa under vegs i prosjektet blei at Fyresdalsmodellen ikkje var direkte overførbar til dei andre kommunane.

Pkt. 1, 2 og 3 i hovudmåla i prosjektet er nådd (Pkt. 4 er ikkje relevant for denne arbeidspakka).

Prosjektet har bidrege til utvikling av sterke regionale "motorar", attraktiviteten har auka, det har skjedd utvikling i eksisterande og nytt næringsliv, og spisskompetanse-miljøa har fått hjelp til å utvikle seg.

6.2 Arbeidspakke 2 og 3 –

2: Etablere og utvikle ein effektiv samspillsarena mellom næringshagemiljøa i Vest- Telemark, for å auke økonomisk samspel og kompetanseutvikling.

3: Klargjere det enkelte næringshagemiljøs komparative fortrinn – spesialitetar og særtrekk.

Næringshagekonsortiet i Vest-Telemark blei leverandør på både arbeidspakke 2 og 3.

Styringsgruppa såg at desse arbeidspakkene låg så nær kvarandre i innhald at det ville vere mest tenleg å slå dei saman og med felles arbeidsgruppe. Denne løysinga blei avtalt med leverandøren, og det blei levert ein samla rapport for begge arbeidspakkene. Rapporten har fått namnet: "Næringshagane som utviklingsmotorar i Vest-Telemark", og har kartlagt både faktisk og teoretisk grunnlag for samarbeid både mellom næringsmiljø, og i næringsmiljøa.

6.2.1 Mål for arbeidspakkene

Her kjem både pkt. 1 og 2 i hovudmåla for prosjektet inn:

- Utvikle sterke regionale "motorar" i regionens kommunesentra som verkar attraktive for rekruttering av arbeidstakrarar og utvikling av eksisterande og nytt næringsliv og næringskjeder.
- Utvikling av solid kompetansemiljø som kan representera spisskompetanse på respektive fagfelt til beste for heile regionen for å auke det økonomiske samspelet mellom næringsmiljøa.

Bestilling:

- Iverksetting av konkrete samtaler for utvikling mellom aktørane i næringshagane og mellom privat og offentleg sektor. Samtaler som grunnlag for utvikling av samarbeidsstruktur skal ta utgangspunkt i etablert næringsstruktur i og utanfor næringshagar/næringshagar under etablering.
- Jobbe fram ein meir permanent samarbeids- og driftsmodell for næringshagane i Telemark (jobbe fram eit framtdidsretta organisatorisk økosystem).
- Jobbe med kopling mellom initiativa i Telemark fylkeskommune og planlagde aktivitetar i ByR Vest-Telemark, og syte for at ByR Vest-Telemark spelar ei rolle i dette arbeidet.
- Gjennomføre dialogkonferanse og fokusgrupper (skissert i T3) for å informere om næringshagane, og få innspel og behov frå anna næringsliv i regionen.

6.2.2 Omtale av arbeid i prosjektperioden

Det blei i starten av prosjektperioden gjort ei direkteanskaffing knytt til WP 2 – "Samspel mellom næringshagar", levert av Vest-Telemark Næringsutvikling AS, 18.02.2016.

Rapporten skildrar status på arbeidet med næringshagemiljøa, og korleis desse miljøa samarbeider.

Erfaringar knytt til denne direkteanskaffinga:

Det kom tydeleg fram ulik rolleforståing hjå aktørane, og kva som ligg i omgrep som næringsutvikling, bedriftsutvikling, næringshage, næringshagemiljø og samlokalisering av verksemder. Denne leveransen svarte ikkje heilt til forventningane på fagleg innhald og rolleforståing.

Hovudleveransen i arbeidspakke 2-3 er gjort av Næringshagekonsortiet, beståande av Vest-Telemark Næringsutvikling AS, Vest-Telemark Ressurssenter, Vest-Telemark Næringsforum, Telemark Næringshage og Fyresdal Næringshage, ved Eirik Håskoll Næss, Olav Moen, Haldor Kaasin, Lill Susan Rognli Vale og Olav A. Veum.

Dagens næringshagemiljø i Vest-Telemark dannar ein kompleks heilskap. Etablerte næringshagar og næringshagar under etablering er på heilt ulike stadie, og har heilt ulike fagmiljø og satsingsområder. Dette er ei utfordring for samarbeidet, men også ein styrke ved at dei fagleg utfyller kvarandre og konkurranselementet er svært lite. Denne styrken blei aktivt nytta ved leveransen til ByR-prosjektet.

I kartleggingsdelen i denne arbeidspakka er det bruka både work-shop og intervju.

Work-shop:

I tillegg til samtaler, presenterte Telemark fylkeskommune og SIVA relevante rammer for mogleg samarbeid. Det var i tillegg deltagarar frå næringshagane, VT Næringsutvikling, rådmannsutvalet i VT og regionrådsordføraren i VT. Nokre av konklusjonane var:
SIVA vil bygge opp kring Telemark Næringshage sitt regionale miljø i Telemark, styrke målbedriftsarbeidet, og vil ikkje rette innsats mot dei einskilde næringshageselskapene. Telemark fylkeskommune søker om å få godkjent ei verkemiddelordning retta mot klyngeutvikling, utvikling av fagmiljøa i næringshagane og samarbeid mellom desse. Det er eit stort ynskje om nærmare samarbeid, men neppe grunnlag for ein felles overbygging. Det er ynskje om fagleg samarbeid på tvers for å nytte kvarandre sine styrker på kompetansesida.

Intervju:

Målsetting med intervjurunden var å avdekke:

- Ambisjonsnivå internt i kvar næringshage og
- Avklare ønske om – og vilje til – samarbeid og utvikling.

Grunnlaget var ei hypotese om at den einskilde næringshagen skal ha sin eigen, særegne profil, og at næringshagane i fellesskap skal skape ein komplementær struktur. Det var også eit mål å finne ut korleis dei komparative fortrinna kunne nyttast for å styrke dei andre næringshagane – også der det kunne vere et visst element av konkurranse.

Det var 12 respondentar; 5 ordførarar, 3 næringsdrivande, 3 frå næringshagane og 1 frå ByR/kommuneadm. Det var ingen rådmenne med i gruppa av respondentar.

I tillegg til det som kom fram under work-shoparbeidet, kom det fram:

- Større grad av samarbeid mellom næringshagane kan mogleggjere større initiativ og større oppgåver på vegne av kommunane.

- Moglegheit for felles bruk av den spisskompetansen som blir bygd opp i kvar enkelt næringshage.
- Ikkje ynskje om felles dagleg leiing. Sterkt ynskje om lokal forankring for eigarskap og drift, men økonomisk vanskeleg å ha dagleg leiar på heiltid.
- Finansiering av leiing må skje gjennom kombinasjon av offentlege tilskot, virkemiddelapparatet (SIVA) og inntekter frå medlemsbedrifter og prosjekt.
- Å etablere fellesfunksjonar for til dømes marknadsføring, rekneskapstenester og innkjøp var det mindre motvilje mot.

Det var stor forståing for at næringslivet sjølv må vere motor for å skape gode næringshagemiljø. Næringshagane skal ikkje vere offentleg drivne, bedriftene må ha eigarskap til innhaldet i – og utvikling av – næringshagen. Det er viktig at samarbeidet blir formalisert og forankra i eit reelt og konkret behov, men dette må ikkje bli for byråkratisk.

Ernst & Young kartla i 2016-17 det interkommunale samarbeidet på mellom anna næringsutvikling, og konkluderte med at det ikkje var grunnlag for eit meir formalisert interkommunalt samarbeid på dette området, med unntak av evt. felles ressurs på søknadsskriving og prosjektutvikling. Felles etablerarkontor, slik det er i dag (Telemark næringshage leverar denne tenesta til alle kommunane i VT), er eit klart unntak. Rapporten peika på at bedriftsrådgjevarar bør vere lokalisert til næringshagane. For å få større grad av nærliek mellom det offentlege verkemiddelapparatet og næringslivet, vil dette også gjelde kommunalt tilsette, Vest-Telemarkrådet, Innovasjon Norge o.l. Rapporten peika og på nytta av å lage, eller utvikle, gode fellesarenaer for næringsutvikling i regionen.

Økonomi og drift:

I møte i april 2017 blei det stilt mange spørsmål til Telemark fylkeskommune og SIVA om ulike driftsmodellar og finansieringsformer (Kap. 5, pkt. 4 i rapporten). Tilbakemeldingar og konklusjonar er referert, men ikkje drøfta i særleg grad i rapporten.

Tilbakemeldingane går mellom anna på at Telemark fylkeskommune moglegvis kan gi midlar til klyngeutvikling, men vil ikkje lenger bidra med driftsmidlar. Ein felles søknad frå alle næringshagemiljøa i VT vil vere ein fordel. Samarbeidsløysingar står sterkare enn individuelle søknadar, men resultatet er likevel usikkert. I VT konsentrerer SIVA seg om Telemark Næringshage, men kan vere positive til etablering av noder i andre kommunar. Dei har ingen midlar til klyngeutvikling, og avgrensa tilgang på midlar for arbeid med målbedrifter.

Organisasjonsmodell:

I WP 2-3 er det gjort eit grundig arbeid med å sjå på fem ulike modellar for samarbeid og drift av næringshageselskapa, med gjennomføring av SWOT-analysar. Næringsbyggsselskapa er ikkje tatt med. Med grunnlag i analysane og det arbeidet som er gjennomført i denne arbeidspakka, er det laga ei tilråding om at modell 2; Vest-Telemarkmodellen, er den som passar best. Modellen liknar i stor grad dagens organisering, men med eit meir formalisert samarbeid gjennom forpliktande avtaler.

Eit samarbeid kan skje gjennom felles prosjektaktivitetar der ein nyttar den komplementære kunnskapsstrukturen i næringshagane for å bli meir synlege, få eit større nettverk og få betre tilgang på kompetanse.

Modellen vil vere realistisk i høve til det regionale samarbeidsklimaet, og passar godt inn i den tydelege fleirkjernestrukturen ein har i Vest-Telemark. Om dette er ein modell som det er lettare - eller meir krevjande - å drifta økonomisk, er ikkje drøfta og dermed ikkje ein del av grunnlaget for tilrådinga.

Eit døme på den vanskelege driftssituasjonen ein næringshage kan kome opp i, er Fyresdal Næringshage. Fyresdal kommune og Telemark fylkeskommune har dei siste fire åra bruka kr. 4 000 000,- fordelt med 50% på kvar, til drift og utvikling av næringshagen. I sak 2018/843 innstilte rådmannen på å avslå Fyresdal Næringshage sin søknad til kommunen om å halde fram med kr. 500 000,- i utviklingsstøtte/tenestekjøp for 2018. Telemark fylkeskommune har for 2018 sagt nei til å halde fram med si støtte til Fyresdal næringshage, og dei vil heller ikkje delfinansiere eit samarbeidsprosjekt mellom Fyresdal Næringshage og næringsmiljøet i Nissedal. Eit felles prosjekt for næringshagane i VT har dei og sagt nei til å vere med på.

Ved handsaming av denne saka 21.06.18 vedtok likevel kommunestyret i Fyresdal dette:
"Det løyvast kr. 600 000,- til drift av Fyresdal Næringshage AS kvart år i 3 år med dekning frå fristilte lønsmidlar frå næringssjefstillinga."

Denne saka syner kor sårbarer næringshagemodellen er for finansiering av drift og utvikling. Ein er prisgitt politisk prioritering og velvilje, i ein stadig meir pressa økonomisk situasjon i kommunane og fylkeskommunen. Det gir òg liten forutsigbarheit. Finansiering basert på offentlege tilskot kan vere problematisk med tanke på konkurransevriding, lov om offentlege anskaffingar og rammer for kor mykje private verksemder kan ta i mot av offentlege midlar. Betydelege kommunale driftstilskot kan og skape ein ubalanse mot anna næringssliv. Midlar som går til næringshagen, kunne ha blitt bruka til etablering og utvikling av bedrifter utanom næringshagane.

Telemark Næringshage har ikkje offentleg finansiering av verkskapsrolla ut over det SIVA-næringshagen har i sitt miljø. Kviteseid kommune vel å stø opp om verksemder, og stør ikkje drifta av næringshagemiljøet direkte.

Som det går fram av eigen tabell i arbeidspakke 1, har kommunane store eigapostar i eigedomsselskapa for næringshagebygga – frå 14,28 til 57,14 %. Utan at kommunane hadde tatt denne rolla, er det lite truleg at det hadde blitt etablert næringshagar i VT. I drifts-selskapa har kommunane også betydelege eigapostar. Med slike eigapostar fylgjer det og styreverv og ansvar. Det betyr at kommunane blir betydeleg pressa om det oppstår økonomiske vanskar som skuldast for mykje ledig areal, eller for svake driftsinntekter. I Fyresdal er kommunen både stor eigar og stor leigetakar. Ein stor og stabil leigetakar er svært positivt, men kommunen kjem også i ei dobbeltrolle. Dette er ikkje drøfta i rapporten.

Styringsgruppa meiner det i rapporten er mykje fokus på dei private aktørane i næringshagemiljøa – og at kommunane si rolle som samfunnsbyggjar, næringsutviklings-aktør og ansvarleg for det breie område innanfor utvikling, er noko underkommunisert.

Næringsutvikling.....kan i prinsippet vere både offentleg og privat, eller kombinasjonar av dette. Men det offentlege (kommunar, kommunesamarbeid og fylkeskommunen) har ein definert rolle som utviklingsaktør.

Telemarksforskning / Solveig Svardal – 2016

6.2.3 Resultat

- Talet på målbedrifter i Telemark Næringshage AS har auka.
- Alle kommunane i Vest – Telemark har verksemder som har blitt målbedrifter hos Telemark næringshage AS.
- Det er ennå ikkje inngått ei generell forpliktande avtale mellom næringshagane, men prosessen har kome betydeleg lenger.
- Det har vore møter og konkret arbeid mellom aktørane for å etablere sterke samhald og samarbeid for å skape vekst i næringshagemiljøa:
 - Svar på anbod på ByR-prosjektet kom felles frå alle aktørane
 - Fylkeskommunen sette som krav at aktørane går saman for å levere felles søknad på finansiering til ytterlegare drift og utvikling i næringshagemiljøa. Dette blir det arbeidd med.

Organisasjonsstruktur for næringshagemiljøa i regionen har blitt utgreidd, og rapporten tilrår eit formalisert samarbeid mellom aktørane basert på dagens struktur.

Kommunane tilrår også at det bør etablerast formalisert samarbeid, og med samarbeidsmøter der aktørane og kommunane møtast for dialog og felles utvikling.

Arbeidet med prosjektet har synt at finansieringa av ein ordinær næringshagemodell ser ut til å være svært sårbar, og er i stor grad basert på offentlege midlar frå kommunane, fylkeskommunen og andre offentlege kjelder.

Døme på konkrete resultat av samarbeid:

- Felles leveranse på kompetanseklarolla på oppdrag frå Telemark Fylkeskommune. Dette er eit resultat av samspel mellom aktørane.
- Samarbeid om leveranse av etablerarhjelp gjennom drift av Etablerarkontoret, levert av Telemark Næringshage AS.

Synlege kommunalt tilsette:

- Kviteseid: Næringerssjefen har kontordag i næringshagen ein dag i veka.
- Fyresdal: Kommuneadministrasjonen er samlokalisert med Fyresdal Næringshage, ved å leige kontor i byggetrinn 2 – delen av næringshagebygget.

6.2.4 Måloppnåing

Hovudmål nr. 1 og 2 i prosjektet, der ein skulle utvikle sterke ”motorar” i kommunesentra, skape auka attraktivitet, og skape grunnlag for utvikling av eksisterande og nytt næringsliv, har fått ei solid omtale i rapporten, og mange tiltak er allereie sett i verk.

Spissekompetansen i næringshagemiljøa i regionen har og blitt utvikla, og samarbeid med grunnlag i dei respektive fagmiljøa er på veg til å bli formalisert ved avtaler.

Oppdraga i arbeidspakke 2 og 3, som blei slått saman, er gjennomført og omtala i ein omfattande rapport. Prosjektet har klart stimulert til eit målretta arbeid i næringshagemiljøa for å etablere og utvikle både kompetansen i næringshagane og det økonomiske samspelet mellom dei. Dei komparative fortrinna som ligg i det enkelte næringshagemiljøet er kartlagt og tatt inn som eit regionalt fortrinn som skaper fellesskap og styrke, og ikkje konkurranse.

Måla i prosjektet kan seiast å vere nådd for denne arbeidspakka. Styringsgruppa hadde likevel ynskt at dei økonomiske utfordringane for etablering og drift hadde blitt drøfta, særleg med tanke på val av driftsmodell for næringshagane i regionen. Det ville ha vore nyttig å få ei vurdering av den økonomiske smertegrensa bedriftene i næringshagane har for drifts- og utviklingskostnader, samt sårbarheit knytt til å vere avhengig av offentleg støtte.

6.3 Arbeidspakke 4 –

Styrking av regionens bustadattraktivitet gjennom fokus på bukvalitet, behov og utviklingspotensiale i samspill mellom sentrum og omland

6.3.1 Mål for arbeidspakka

- Auke regionens bustadattraktivitet gjennom erfaringsutveksling der ein koplar ein attraktiv arbeidsmarknad med varierte bumiljø i heile regionen.

Leveransen av WP4 blei sett bort til Asplan Viak AS, avd. Bergen, med Steinar Onarheim som hovudansvarleg. Det er lagt fram to rapportar:

- Bustadattraktivitet i Vest-Telemark, v/ Steinar Onarheim 28.03.2017 og
- Bruk av kombinerte arealformål plan og bygningslovens § 12-5, v/ Rune Fanastølen Tuft 15.03.2017

6.3.2 Omtale av arbeid i prosjektperioden

Vidare utvikling av ein fleirkjernestruktur i regionen, og 100+-miljø, vil krevje omstilling og utvikling av bustadstrukturen i kommunane. Delprosjektet skal bidra til utvikling av stadeigne bukvalitetar som kan skape tilflytting, men ikkje minst ynskje om å bli buande. Eventuelle manglar skal avdekkast og ein skal sjå etter område som gjev potensiale for utvikling. Arbeidet føreset ei sterk kopling mot kommunale planprosessar, og det blir lagt vekt på at erfaringsutveksling og analysegrunnlag skal gi eit godt grunnlag for ein bustadstrategisk plan.

Tidegare analyser av Vest-Telemark har vist at regionen har låg bustadattraktivitet. I tillegg har det vore mangel på bustader, og dei har ikkje hatt høg nok standard i høve til det marknaden i dag spør etter. Tilgang på attraktive bustader er eit av verkemidla ein har både for å få folk til å flytte til regionen, og til å bli buande.

Tilgangen på bustad opplevast forskjellig, alt etter livssituasjon, tid, geografi, samt forventningar om standard. Marknaden for sal og utleige av bustader er prega av småbruk og einebustader, og utleige av sokkelleilegheiter. Mange av desse har låg eller middels standard.

Tilgangen til tomter er relativt god, men mange av tomtene manglar ein del av dei kvalitetane som blir vektlagt av interessentar. Det kostar nesten like mykje å bygge i denne regionen som i byane, men marknadsprisen på hus er betydeleg lågare. Tomtekvaliteten og funksjonen i bustadfeltet, med til dømes bygg til forskjellige føremål som vil skape eit variert bumiljø, vil auke attraktiviteten.

I rapporten blir det peika på at fokuset må vere på ”bustader som gjer at folk blir buande”, ikkje ”bustader som gjer at folk flyttar hit”. Desse punkta blir framheva som sentrale:

- Gode soltilhøve, særskilt på kvelds- og ettermiddagstid.
- Gode utsiktstilhøve.
- Attraktiv beliggenheit nær vatn, helst ved vatn.
- Sentral beliggenhet - i sentrum, med kort veg (helst gangavstand) til målpunkt som daglegvarebutikk, barnehage, skule, sosiale møtestader (kafé/ servering, samfunnshus osb.), kulturtilbod og idrettstilbod.
- Kort veg til arbeidsplasskonsentrasjonar, og til næringshage for dei kommunane som har dette.

I tillegg blir det trekt fram at bustadbehovet for ulike målgrupper bør sjåast i samanheng. Kommunen må ta ei aktiv rolle med tilrettelegging, rettleiing, subsidiering, barnehageplass ol. Jobb, stadutvikling, sosial infrastruktur og omdømme blir og sett på som viktige faktorar.

Kvalitetane ved eit bustadprosjekt må vera høge. Bygga og uteareala må vere av høg standard arkitektonisk og miljømessig. Ein bør også tenke nytt når det gjeld det funksjonsmessige innhaldet i bustadprosjektet, og utforminga av bygga. Ein kan og sjå føre seg utstrakt bruk av deling, både av rom i bygget, uteareal og fasilitetar og at ein vert tilbydd ei pakke med eit innhald som ein vanskeleg får tilgang på i byen, som:

- Sosiale møteplassar inne og ute; felles kjøkken, oppholdsrom/TV-stove samt felles uterom/tun og leikeplass.
- Fellesrom for hobbyar og fritidsaktivitetar: hobbyrom, treningsrom, bibliotek.
- Felles bygg for dyrehald (både hobby og matauk), med til dømes deleku, delesau eller delehøns, samt parsellhage.
- Deling av fasilitetar for praktiske formål/hobbyar : delebil, delesykkel, delebåt.
- Eigen besøkshybel/besøkssoverom for bebruarar som har besøk (dette reduserer behovet for eit ekstra soverom i kvar bueining)

Asplan Viak AS meiner at etablering av moderne, lettstelte leilegheiter, eventuelt i kombinasjon med nokre små hus/rekkehus, er type bustader som vil vere attraktive for den gruppa som er definert som hovudmålgrupe i prosjektet. Slike bustader vil skape ”Bli-lyst”.

I prosjektet er det gjort statistiske analyser, intervju med 17 personar frå målgruppa (næringshagebedrifter eller bedrifter med tilsvarende profil), samt med 13 nøkkelpersonar i privat og offentleg verksemrd. Døme og erfaringar frå bustads- og stadutviklingsprosjekt andre stader i Noreg er trekt inn, samt geografiske analysar frå Sverige med parametrar som har overføringsverdi.

Tilrådingar i rapporten går mellom anna på utvikling av bustadprosjekt til ulike/kombinerte føremål, for å få betre lønsemd og større attraktivitet. Det er difor utarbeidd eit eige notat om ”Bruk av kombinerte arealformål – Plan- og bygningslovens § 12-5” som vedlegg til hovudrapporten.

Ei utvida arbeidsgruppe var på studietur til Stokkøya i Åfjord kommune i Trøndelag. Denne turen var av stor verdi, og ga betydelege impulsar for arkitektur, marknadsføring og kva som gir bukvalitet.

Oppgåvefordeling:

Det er laga ei liste over tilråding for ei mogleg oppgåvefordeling mellom kommune, regionråd og fylkeskommune både for å få til attraktive bustadområde i Vest-Telemark, og for å skape ein vel fungerande bustadmarknad i regionen:

Kommunane:

- Utvikle eit kunnskapsgrunnlag om det heilskaplege behovet for bustader i kommunen
- Ha eit oppdatert planverk retta mot vekst
- Ha ein heilskapleg fokus på busetting i planverket
- Ha informasjon om tilgjengelege bustader og tomter (leige, og evt sal) og kva finansieringsordningar som finnes i kommunane.
- Vere formidlar av tilgjengelege bustader (utleige og sal), særskilt for tilflyttarar (person med lokaltilknyting og tillit lokalt).
- Lage ei pakke for moglege investorar, der ein tydeleggjer kommunen si rolle og kva ein kan bidra med
- Utvikle gode bustadområder
- Ta ei tydeleg rolle i samfunnsutviklinga
- Legge til rette for eit mangfold av bustader
- Kartlegging og definisjon av attraktive områder for bustadbygging i kvar tettstad. Prioritere dei beste tomtane til fellesområde og til bustader
- Tilby rettleiing og bistand i søkerprosessen for dei som ynskjer å byggje bustad
- Ta ei tydeleg rolle i bustadpolitikken
- Samarbeide med private aktørar

Vest-Telemarkrådet:

- Lage ein informasjonspool om tilgjengelege bustader i regionen, som vert gjort tilgjengeleg via kommunane sine heimesider
- Få utarbeidd ein rettleiar for attraktive senter/bustader i Vest-Telemark
- Synleggjere for innbyggjarane at det faktisk er eit bustadbehov i regionen og at ein bidrar til å utvikle lokalsamfunnet ved å leige ut/selje bustaden sin.
- Gjere ei moglehetsstudie for bustadprosjekt basert på funn i denne rapporten

Fylkeskommunen:

- Støtte opp under gode tiltak
- Rettleie kommunane innan stadutvikling
- Få utarbeidd ein rettleiar for attraktive senter/bustader i Vest-Telemark

6.3.3 Resultat

I rapporten for delprosjektet har det kome tilrådingar om kva slag bukvalitetar som er attraktive, kan skape tilflytting, men ikkje minst skaper ynskje om å bli buande. Det er gjort ei god vurdering av dette. Rapporten er dela i tre kapittel:

- I. Analyse av dagens situasjon og utviklingstrekk; folk, næring og bustad
- II. Erfaringar frå andre prosjekt og studiar
- III. Attraktive bustadområder i Vest-Telemark – GIS-analysar

Tilleggsnotat:

Bruk av kombinerte arealformål – Plan- og bygningslovens § 12-5

Dette notatet fekk god mottaking og er blitt aktivt nytta i planavdelingane i fleire kommunar.

Eventuelle manglar er blitt avdekkja og det har kome klare tilrådingar om tiltak som gjev potensiale for utvikling. Erfaringsskildringane, tilrådingane og analysegrunnlaget gir eit godt grunnlag for ein bustadstrategisk plan i den einskilde kommunen i regionen. Prosjektet har med å skaffe fram dette omfattande grunnlaget gitt særskilt gode innspel til praktiske og politiske prioriteringar i kommunane. I tillegg har arbeidet lagt til rette for skape auka attraktivitet på eit felles grunnlag i heile regionen, og med det også eit sterkare omdøme.

Tiltak som er sett i gang i kvar kommune i prosjektperioden:

Kviteseid kommune:

Husstøy - leilegheitsbygg i sentrum:

Kviteseid kommune skal byggje fem utleigebustader sentralt i Kviteseidbyen. Dette blir små einingar på 20 - 40m². I tillegg vil det bli eit fellesareal med stoge og kjøkken. Dette konseptet er utarbeidd på bakgrunn av marknadsundersøking ved intervju, workshops og arbeidsmøte med m.a. tilsette i Telemark Næringshage. Målgruppa er nyttilsette i Næringshagen, men også elles i kommunen, som ynskjer små, lettstelte, sentralt plasserte bustader som dei kan leige i ei ein avgrensa periode. Konseptet med så små einingar og eit fellesareal for sosialt samvær er nytt og uprøvd i Vest-Telemark, men omtala i rapporten frå Asplan Viak i arbeidspakke 4. Det vil oppdragt kunne ha overføringsverdi til andre kommunar.

Prosjektet har fått namnet «Urbanisering, fortetting og grønt bumiljø i sentrum», og har fått kompetansetilskot frå Husbanken og Klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet.

Midtsundåsen:

Solrike tomter med utsikt over Telemarkskanalen. Det er sett opp bygg på åtte tomter. Kommunen skal nå regulere fleire tomter både i dette og andre attraktive, sentrale område. Tomtene har gangavstand til skule, barnehage, legekontor, sentrum og turområde.

Seljord kommune:

- Furutoppen: Kommunalt felt med 17 tomter, byggeklart
- Sinnesodden: Dette er regulert 35-40 tomter til kombinert formål med 80% bustadtomter og 20 % fritidsbustadtomter
- Lommoddokki: Minimum 40 bustadeiningar. Dette er eit svært sentrumsnært fortettingsprosjekt, regulert for både bustad- og fritidsføremål. Grunnerverv er starta.
- Nes: Sentralt ved Seljordsvatnet, minimum 40 bustadeiningar, privat utviklar (PBBL). I prosjekteringsfase.

Fyresdal kommune:

- Moghusfeltet: Nytt bustadfelt i "Sørbygda" med 19 utsiktstomter. Kommunal utbygging. Her er det og planlagt bygging av utleigeleilegheiter i kommunal regi. Feltet tilfredsstiller dei fleste krava til attraktivitet som er skissert i rapporten, med gode soltilhøve, nærleik til vatn og turområder, samt gang-/sykkelavstand til sentrum og arbeidsplassar.
- Folkestadbyen: Utviklingsprosjekt i den historiske og spesielle Folkestadbyen (kommune-/butikksenter), med bevaring, fortetting og samanknyting. Det er laga planar for mogleg fortetting i den gamle bygdebyen, bygging av nye bustader i området mellom LHL-bustader og sentrumsbebyggelsen med nye og kombinerte buformer, med vekt på attraktivt bobiljø. I tillegg gir planen forslag om korleis ein knyter fylkesvegen og sentrum betre saman.

Nissedal kommune:

- Framnes/Nissedal, Felle, og Treungen /Damkollen: Nye kommunale bustadtomter i Nissedal (Framnes). Felta tilfredsstiller dei fleste krava til attraktivitet som er skissert i rapporten frå Asplan Viak, som for Fyresdal kommune.
- Treungen sør: Privat utbygging av leilegheiter for sal.

Tokke kommune:

- Dalen sentrum: Det er vedtatt å starte arbeid med endring av ein del av reguleringsplanen for Dalen sentrum for utbygging av leilegheiter nær Bandak. Aktuelle område er Dalen Bryggje og Tangane. Dette er areal med mange arealinteresser/allsidig bruk. Det igangsette arbeidet er i samsvar med tilrådingane i ByR-rapporten. Gjennom vedteken planstrategi 2016 - 2020 har Tokke kommune forankra satsingane knytt til arbeidspakke 4 ved kopling mellom næring/arbeidsplassar og utvikling av attraktive møteplassar, sentrumsnære turvegar, med meir.

Synleggjering av ledige bustadtomter på heimesida og informasjon om støtteordningar ved bustadbygging, er gjennomført.

Vinje kommune:

Rauland:

Attføringsenteret i Rauland har bygd fleire tettliggande bustader med til saman 18 bueiningar, for å auke tilboden og attraktiviteten som arbeidsplass. I tillegg til at desse oppfyller attraktivitetskrava, er det også lagt vekt på å skape sosiale arenaer og møteplassar. Her er det bygd sosiale rom og felles samlingsrom for fellesskap og aktivitetar, noko som har blitt tatt svært godt i mot hos beitarane.

Øyfjell:

Regulert 8 nye romslege, frittliggjande bustadomter.

Edland/Haukeli:

Nytt felt under planlegging. Utgreiing av fire aktuelle områder er i gang (Rambøll).

Det er for tida ikkje aktuelt å legge til rette for kombinasjon bustad/fritidsbustad i Vinje kommune.

6.3.4 Måloppnåing

I prosjektperioden har det blitt eit betydeleg større fokus på utvikling av attraktive bustadområder, og det er sett i gang nye tiltak i alle kommunane. Gjennom arbeidet med prosjektet, innhenting av spesialkompetanse på området frå Aslan Viak, involvering av kommunale planleggjarar, og studietur til Stokkøya, har regionen i betydeleg grad tatt i bruk råd og innspel som kom fram i rapporten. Dette gjeld spesielt kor viktig det er å tenke bukvalitet, attraktivitet og gode fellesarenaer. Det er også tilråding om å nytte kombinerte formål der einebustader, leilegheiter og fritidshus kan vere innanfor det same området, og gjerne i kombinasjon med utleige.

I prosjektet er attraktiviteten i sterkt grad knytt opp mot sentrale arbeidsplassar, og det er det laga GIS-analyser på. Gjennom dette er også pkt. 4 i hovudmåla for prosjektet nådd (Pkt. 1, 2 og 3 ikkje relevante for denne arbeidspakka).

Tilleggsnotatet til rapporten, om bruk av kombinerte arealformål, er allereie tatt i bruk i utvikling av nye planar i fleire av kommunane. I enkelte kommunar har erfaringane og tilrådingane i rapporten allereie ført til endringar i reguleringsplanar.

6.4 Arbeidspakke 5 –

Etablere Vest-Telemark utviklingsarena

6.4.1 Mål for arbeidspakka

Overordna målsetting i arbeidspakka var å utvikle ein større arena for deling:

- Skape ein dynamisk utviklingsarena der næringslivet saman med offentleg sektor kan presentere planar og behov, samt tilby kompetanse.
- Vidareutvikling av klynger knytt til næringshagane, men også med involvering av anna næringsliv i kommunen/regionen, for å skape samhandling for å utvikle nye produkt og tenester i fellesskap.

6.4.2 Omtale av prosjektarbeid i prosjektperioden

For å auke økonomisk samspel og kompetanseutvikling mellom innovative utviklingsmiljø både i og utanfor regionen, ynskte ByR-programmet å vidareutvikle delingsarenaer i regionen. Rapporten for denne arbeidspakka er levert av Næringshagekonsortiet v/ Kristin Vedum.

Eit av måla var å få ein dynamisk utviklingsarena der miljøa saman med offentleg sektor kan presentere planar, behov og tilby aktuell kompetanse. Med utvikling av spesialiserte fagmiljø ser ein for seg utvikling av ein ”marknadspllass” som kan bidra til vekst og utvikling mellom næringshagemiljøa, men og vere eit utstillingsvindauge for anna næringsliv.

VT Utviklingsarena vil også vere ein sentral plass for formidling av kompetanse om trendar, marknad, utviklingsmoglegheiter og kunnskap om andre samarbeidsregionar. Her kan ein tenke arena på fleire nivå avhengig av spesialisering.

Det vil og vere naturleg å vidareutvikle og bygge opp dei eksisterande møteplassane for næringslivet i Vest-Telemark.

Det skulle avklarast om det var manglar ved dagens arenastruktur, og kome med tilråding på kor ein eventuelt burde setje inn ressursar for å oppnå vidareutvikling.

Det skjer ein del i Vest-Telemark, men hovudtyngda av dei store, attraktive arrangementa skjer i Grenlandsområdet – og til dels i Midt-Telemark - med låg deltaking frå Vest-Telemark pga. stor avstand.

Det blei arbeidd med fire tiltak:

- 1) Tilrettelegging og fasilitering
- 2) Kartlegging og innhenting av erfaring
- 3) Kommunikasjon og marknadsføring
- 4) Næringslivskalender for Vest-Telemark

Tiltak 2: Her blei det gjennomført ei grundig kartlegging (rapportleveranse frå Vest-Telemark Næringsforum oktober 2016), samt vurdering av funksjon, behov og nytteverdi. Rapporten inneholdt og ei SWOT-analyse.

Nå - situasjonen er prega av nokre få, større, faste arrangement, som Dyrsku'n, Yrkesmessa på Vest-Telemark vidaregåande skule, og Vest-Telemarkkonferansen. I dei etablerte næringshagane er det ein viss møte- og arrangementsfrekvens, men det er mange arrangement som ein aktør arrangerer aleine, dei går parallelt og har same målgruppe, har ofte svakt fagleg innhald og uklart mål. Dette gir lågt oppmøte og svakt utbytte. Det er i tillegg varierande innsats på marknadsføring, deling av informasjon og nettverksbygging.

Aktuelle tiltak som framlegg frå arbeidsgruppa:

"Utvikle Arena Vest-Telemark gjennom å vidareutvikle og ha fokus på eksisterande arrangement, samt legge til rette andre, faste møteplassar".

1. Etablere Arena Vest-Telemark med konsept, rolle, ansvar og grensesnitt.
2. Legge til rette for møteplassar og vidareutvikle dei vi har som er gode, eller som har potensiale for å bli gode.
3. Lage årshjul og etablere gruppa "Rom for å skape" som sikrar fagleg spreiing og innhald på arrangement i løpet av året.
4. Etablere eit marknadsføringsverktøy, eks. næringslivskalender, eller ein felles plattform med eit enkelt og lett tilgjengeleg brukargrensesnitt.

Det blei i prosjektet arbeidd med:

- a) Vidareutvikling av allereie gode møteplassar
 - b) Utvikle nye møteplassar
- a) Her blei det lagt vekt på å auke kvaliteten på, og vidareutvikle, Vest-Telemarkkonferansen (ettermiddag-/kveldsarrangement) som ein attraktiv møteplass for næringslivet, offentleg sektor og politikarar i regionen. Det blei laga eit dagseminar på same dag og stad for VT-konferansen med eit dagsaktuelt tema som både kunne bidra til verdiskaping i regionen, og som kunne knytast opp mot annan aktivitet i ByR-programmet.

Temaet var "Anskaffingar, drivkrafta for regionen si utvikling", med 85 deltakarar. På den "tradisjonelle" konferansedelen deltok totalt 150. Det blei gjennomført ei undersøking for å evaluere denne arrangementsforma, og for å få innspel til vidare utvikling.

- b) For å teste ut aktuelle nye former for møteplassar/utviklingsarenaer blei det arrangert:
- Vest-Telemark Online Kafe, som kursrekke med fem samlingar med tema digital synlegheit, i næringshagane i Kviteseid og Fyresdal. Eit delmål var nettverksbygging på tvers av bransjar, samt teste ut om arrangement på dagtid eller kveldstid ga best respons. Det deltok totalt 35 personar, 20 i Kviteseid og 15 i Fyresdal. I tillegg var det 15 "drop-in"-deltakarar på delar av kursrekka.
 - Frukostmøter og lunsjmøter i næringshagane, med fagleg innhald, men også for å vere ein uformell møteplass for nettverksbygging.

6.4.3 Resultat

Det er i denne arbeidspakka lagt inn betydeleg praktisk arbeid både for å

- Kartlegge dagens situasjon, teste ut, evaluere og vidareutvikle dagens møte- og delingsarenaer, og
- Etablere nye møteplassar med godt fagleg innhald.

I dette arbeidet har også næringshagemiljøa blitt involvert i betydeleg grad både med kompetanse og som fasilitator for arrangement.

Arena Vest-Telemark er blitt utgreidd som konsept, og den godt etablerte Vest-Telemark-konferansen har både blitt evaluert og forsøkt utvida med eit fagseminar på dagsid.

Det er blitt arbeidd med eit årshjul for å sikre fagleg spreiing av arrangement i løpet av året, men dette rakk ein ikkje å få testa.

Det er blitt laga ein næringslivskalender som vil lette både marknadsføring av arrangement og hindre arrangementskollisjonar både for tidspunkt og fagområder.

Konkrete, nye arrangement i prosjektperioden:

- Fagkonferanse om offentlege anskaffingar
- Vest-Telemark Online Kafe med tema "Digital synlegheit"
- Frukostmøter og lunsjmøter i næringshagane, med fagleg innhald, også som ein uformell møteplass for nettverksbygging.

6.4.4 Måloppnåing

Vest-Telemark utviklingsarena har gjennom denne arbeidspakka blitt grundig utgreidd og forskjellige løysingar og arrangement er blitt utprøva. Prosjektet har ført oss vidare med tanke på å utvikle det vi allereie har, samt skape nye arenaer for utvikling og nettverksbygging. I tillegg har det blitt laga ein kalender som er til god hjelp for betre samordning av arrangement.

I arbeidspakka har det blitt lagt stor vekt på involvering av privat næringsliv, men også konkret samarbeid med offentleg sektor. Det syntes seg at det var vanskeleg å få til ein dynamisk utviklingsarena der offentleg sektor kunne presentere planar og behov for komande år for næringslivet. Her møtte ein litt lite engasjement frå kommunane, men positiv haldning frå næringslivet. Dette vil det vere mogleg å få til seinare.

Hovudmål for prosjektet, pkt. 3, er nådd, ved at samarbeidet mellom offentleg og privat sektor i skjeringspunktet mellom lokale næringshagar og kommunal samfunnsutvikling og tenester, er blitt betydeleg styrka.

6.5 Arbeidspakke 6 –

Utvikling av offentlig forvaltning og privat samarbeid i nettverk

6.5.1 Mål for arbeidspakka

- Tilrettelegging for næringsutvikling og auka verdiskaping som fylgje av offentleg-privat samarbeid i Vest-Telemark.
- Optimalisere bruk av dagens regel- og avtaleverk for å styrke lokalt næringsliv i VT.
- Finne metodar som bidreg til innovasjon og leverandørutvikling i VT.
- Finne moglegheiter for betre dialog og informasjonsutveksling mellom offentlege og private aktørar i VT.
- Finne korleis Næringshagane kan bidra til auka verdiskaping i VT

6.5.2 Omtale av prosjektarbeid i prosjektperioden

Formålet med dette delprosjektet var å styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor, særleg sett opp mot kommunane sin oppgåve som nærings- og samfunnsutviklar og lokale næringshagar si rolle opp mot dette.

I denne arbeidspakka er det valt å ha eit særleg fokus på moglegheitene som ligg i det offentlege innkjøppssamarbeidet, lokal leverandørutvikling, og samarbeid rundt dette. Det ligg et stort potensiale for nye og eksisterande bedrifter ved kompetanseheving hos begge partar, og ikkje minst organisering og samarbeid for å kvalifisere seg som leverandør. Her ligg det også store moglegheiter for tenesteleveransar utanfor eigen region.

Rapporten for arbeidspakke 6 er levert av Næringshagekonsortiet v/ Kristin Vendum.

Gjennomføring/kartlegging:

Hausten 2016 blei det gjennomført ei kartlegging gjennom samtaler med sentrale aktørar i offentleg og privat sektor, som konkluderte med dette:

- Det var svært ulik verkelegheitsoppfatning.
- Det var eit stort behov for auka kompetanse om innkjøp og kunnskap om kvarandre, samt kommunikasjon mellom aktørane.
- Det var mangefull kunnskap om verdien/effekten lokale innkjøp hadde for utviklinga i kommunen.

Som eit konkret tiltak blei det arrangert ein eigen temadel på dagtid på den årlege Vest-Telemarkkonferansen, med tema: "Anskaffingar, drivkrafta for regionen sin utvikling".

Denne temadelen hadde som mål å stimulere det offentlege til å setje i gang prosessar for å ta i bruk innovative anskaffingar i eitt eller fleire prosjekt. Det skulle presenterast metodar som kunne føre til innovasjon og leverandørutvikling i Vest-Telemark, og det skulle leggast til rette for betre dialog og informasjonsutveksling mellom private og offentlege aktørar i VT.

85 personar deltok på seminaret. 1/3 var politikarar eller frå kommuneadministrasjon i VT-kommunane, resten frå næringslivet. Det var god presseomtale både før og etter seminaret.

Etter konferansen kom det tilbakemelding frå kommunane Fyresdal og Kviteseid om at dei ville bruke metoden med innovative anskaffingar i byggeprosjekt. I Fyresdal skulle det byggjast idrettshall, og det er stor interesse for å bygge i tre. I Kviteseid skal det byggjast leilegheiter i sentrum, og skulen skal rehabiliterast.

Det blei gjennomført ei evaluering av konferansen, men den fekk diverre svært låg oppslutting. Det kom mellom anna fram at deltakarane hadde ulike behov avhengig av kva for sektor dei representerte, og synet på seminaret bar preg av det. Tilbakemeldingane var likevel generelt positive, at dette var noko som burde halde fram. Delen med faglege tema trefte godt for både privat og offentleg sektor, og det blei sett på som positivt at det var sett av tid til samtaler med foredragshaldarane.

Gjennom dette prosjektet og etter dialog med kommunane blei det søkt om klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet til å etablere det interkommunale nettverket Bygg i Tre. I starten var det kommunane Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Bø, Sauherad, Notodden og Drangedal, samt Telemark fylkeskommune som deltok. Det blei etablert samarbeid med Trefokus og Nasjonalt Program for leverandørutvikling. Det blei arrangert dialogkonferanse og Bygg i Tre-seminar i Vrådal i slutten av mai 2017, og desse arrangementa fekk mykje medieomtale. På hovudkonferansen møtte det 70 personar, til dialogkonferansen 35 personar, godt fordelt på innkjøps- og leverandørsida.

Målet er at det blir bygd fleire miljøvenlege offentlege trebygg i Telemark, om mogleg også ved hjelp av innovative anskaffingsmetadar.

Status for prosjekta i Kviteseid:

- Rehabiliteringa av skulen i Kviteseid er i gang
- Leilegheitsprosjektet i Kviteseid sentrum er noko utsett pga. tidkrevjande prosessar.

Kommunen vil framheve at dei hadde svært god nytte av prosessen dei hadde vore med på:

- Ny gjennomgang med endra tankar og innfallsvinklar
- God kontakt med mange aktuelle leverandørar, og nye kontaktar
- Lært mykje om innovative anskaffingar og dialog i framkant av anskaffingar
- Lokale entreprenørar har i større grad ”kome på banen” som tilbydarar

Status for fleirbrukskall i Fyresdal:

Fleirbrukskallen er planlagt, men gjennomføringa utsett.

Det har likevel vore aktivitetar:

- Besøk og erfaringsdeling frå Nasjonalt Program for Leverandørutvikling
- Deltaking på konferansen Grønt Byggskifte på Gardermoen (saman med fleire frå Kviteseid)
- Besøk av Joackim Dørum frå Green Advisers – kommunestyret i Fyresdal
- Befaring av fleirbrukskall i tre i Evje og Hornnes kommune, samt til Iveland

Prosjektet blei invitert til Notodden kommune sin klima- og miljøkonferanse hausten 2017 for å fortelje om innovative anskaffingar og det offentlege sin innovasjonsmakt. 70 personar frå privat og off. sektor deltok.

Det er planlagt studietur for kommunane i Telemark til Trondheim for å sjå på "Trebyen Trondheim". Hausten 2017 er det gjennomført ein kursserie i Vest-Telemarkkommunane om offentlege innkjøp, i samarbeid med Ole Henrik Fjeld frå Innkjøpskontoret AS.

Ein samarbeidsarena som er blitt lite omtala, er Næringskollegiet i Vest-Telemark. Dette er ei gruppe bestående av dei næringsansvarlege i alle VT-kommunane, og utviklingsleiaren i Vest-Telemarkrådet. Gruppa har fått offisiell status som ei undergruppe av Vest-Telemarkrådet, og blir bruka som høyringsorgan.

Her er det arena for oppdatering av det som skjer både i og utanfor Vest-Telemark, her blir felles prosjekt og innkjøp organisert og det er betydeleg grad av erfaringsutveksling og nettverksbygging. Telemark fylkeskommune har i mange år hatt møterett, det same gjeld for Vest-Telemark Næringsforum, som er interesseorganisasjon for næringslivet i VT.

Næringskollegiet har gjort ei vurdering av møteform og deltaking i møta, mellom anna med grunnlag i rapporten frå Ernst & Young om interkommunalt samarbeid om næringsutvikling (tidlegare omtala) og eit ynskje frå næringshagane i VT om å få møterett i dette organet. Møtestrukturen er difor blitt endra. I nokre av møta er det bare næringskollegiet ved dei næringsansvarlege i VT-kommunane som møter, i andre møter blir både fylkeskommunen, VT Næringsforum og daglege leiarar for næringshageselskapa invitert. Dette er blitt ein ny samspelarena for offentleg/privat samarbeid, og ei god løysing med gode tilbakemeldingar frå deltakarane i den utvida gruppa. Kollegiet vurderer og om det er andre næringsutviklingsaktørar som bør inviterast med på dei utvida møta.

To gonger i året blir også dei reiselivsansvarlege i VT-kommunane invitert til dialogmøte.

6.5.3 Resultat

Det er skapt ein kultur for å bli betre på anskaffingar. Konseptet "Innovative anskaffingar" er blitt tatt i bruk av fleire kommunar. I Fyresdal er det tatt i bruk i samband med planlegging av ny idrettshall. I Kviteseid har det blitt nytta ved rehabilitering av skulen, og i eit leilegheitsprosjekt i Kviteseid sentrum. Kviteseid kommune framhevar at dette har endra tankar og innfallsvinklar, auka kompetanse og betre kontakt med aktuelle leverandørar. I samband med at Fyresdal ynskjer å bygge i tre, er det både blitt arrangert befaringar og eigne fagseminar.

Det har blitt betre forståing for offentlege innkjøp etter tett dialog med private bedrifter i regionen. Interesserte bedrifter har også fått betydeleg kompetanseheving på dette området. Det kan gi impulsar til korleis dei skal posisjonere seg for å bli leverandør, skape samarbeidkonstellasjonar, og dei har fått faktakunnskap om området.

Som eit resultat av prosjektet er det etablert eit interkommunalt nettverk: Bygg i Tre, med kommunane Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Bø, Sauherad, Notodden og Drangedal, samt Telemark fylkeskommune. Det er inngått samarbeid med Trefokus og Nasjonalt Program for leverandørutvikling, og arrangert dialogkonferanse og Bygg i Tre-seminar.

Næringshageaktørane i Vest-Telemark gikk i 2017 saman om eit anbod på drift av Etablerarkontoret i VT. Her kunne det ha vore aktuelt å levere tilbod kvar for seg. Det var kjent at kommunane forventa eit samspel, og det var ein stor styrke at dei sto samla bak tilboden.

Prosjektarbeidet i denne arbeidspakka har synleggjort at samarbeid er naudsynt for å få positiv utvikling i kommunane framover. Det er blitt større kjennskap til kommunen sin rolle som næringsaktør. Næringskollegiet i Vest-Telemark har endra møtestrukturen sin og vil i to-tre av møta sine i året, invitere leiarane i næringshagane i tillegg til fylkeskommunen og VT Næringsforum. Det blir og vurdert ei ytterlegare utviding.

Rolledelinga mellom offentlege og private aktørar er blitt tydelegare, og Byregion-programmet har danna grunnlag til å starte eit felles planarbeid.

Næringshagemiljøet i Fyresdal har blitt tilført oppgåver og midlar til vidareutvikling og gjennomføring av konkrete satsingar som "Bygg i tre". Prosjektet har gitt betydeleg kompetanse på innovative anskaffingar. Næringshagen har vore koordinator for arrangementet Vest-Telemark Online kafe og medarrangør for Vest-Telemarkkonferansen.

Næringshagemiljøet i Kviteseid har blitt tilført oppgåver, som koordinatorrolle for konsortiet, medkoordinator for Vest-Telemark Online kafe, og drift av Etablerarkontoret.

6.5.4 Målloppnåing

Som for arbeidspakke 5, er hovudmål for prosjektet, pkt. 3; "Styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor i skjeringspunktet mellom lokale næringshagar og kommunal samfunnsutvikling og tenester", blitt innfridd.

Dette samarbeidet, og samspelet mellom det offentlege, næringshagemiljøa og det øvrige næringsliv, har gitt styrke kraft til ein positiv utvikling av regionen både for næringslivet og det offentlege. Ved etableringa av nettverket "Bygg i Tre" har ein gjennom offentleg-privat samarbeid i nettverk kome langt i arbeidet med å få bygd fleire miljøvenlege offentlege bygg i Telemark, gjerne ved hjelp av innovative anskaffingsmetodar.

Byregionprosjektet har gjennom arbeidspakke 6 tilført kommunane i regionen ny kunnskap om innovative anskaffingar, og auka kompetanse om bruk av tre i nye, større byggeprosjekt. Det er skapt eit betydeleg nettverk gjennom "Bygg i Tre"-programmet. Dei etablerte næringshagane har fått ei tydelegare rolle som sterke, regionale "motorar". Med grunnlag i dette kan vi konkludere med at også arbeidspakke 6 tilfredsstiller kravet til målloppnåing.

7.0 Erfaringar

7.1 Forankring i kommunane og i næringslivet i Vest-Telemark

Styringsgruppa ser at den skulle ha vore flinkare til å sikre god lokal forankring ved:

- å informere betre om framdrift i prosjektet i kommuneadministrasjonen/leiargrupper
- å informere betre om framdrift i prosjektet i politiske fora som :
 - Vest-Telemarkrådet (samla gruppe med ordførarane i Vest-Telemark),
 - dei respektive formannskapa, og
 - dei respektive kommunestyra.

Det blei orientert om prosjektet i Vest-Telemarktinget/Vest-Telemarkrådet (med politikarar og rådmenn/administrasjon) 6. desember 2016.

Det er viktig at informasjonen når fram, og at det blir skapt forståing for kva Byregionprogrammet inneber, mål, praktisk nytteverdi og som supplement til både pågående næringsarbeid og planarbeid i den einskilde kommune.

Prosjektleiinga valde å ikkje ha med ordførarar/rådmenn i styringsgruppa, og ikkje i arbeidsgruppene. Det ga gruppene meir uavhengigheit opp mot politiske og administrative ynskje og føringar, men gav prosjektet noko svakare forankring. Det kunne vore positivt om ordførarane i VT hadde vore med på nettverkssamlingane i ByR-programmet i regi av Distriktsenteret, men det ville hatt betydeleg mindre effekt om ikkje alle hadde vore med.

Til ein viss grad blei det i prosjektet sikra forankring og tovegs kunnskapsflyt ved at det frå starten blei oppretta arbeidsgrupper med deltararar frå til dømes kommunale planavdelingar. Fem av seks kommunale representantar i styringsgruppa var næringssjefar i sine kommunar, og dei fleste av desse var og leiarar av arbeidsgruppene som blei oppretta.

Det har vore ei utfordring at VT-kommunane i denne perioden ikkje har hatt optimalt samarbeidsklima – særleg på politisk plan. Erfaringa i prosjektet er at det gjev stor gevinst å stå samla i regionen, og ikkje vere oppteken av kommunegrenser og særinteresser. Det som er godt for ein VT-kommune er nesten alltid godt også for dei andre kommunane i regionen.

Samarbeidet med Telemark fylkeskommune har vore svært godt og har gitt mykje inspirasjon til både styringsgruppa og arbeidsgruppene.

Det har vore vanskeleg å formidle aktiviteten i prosjektet ut til næringslivet i regionen, men sentrale representantar, til dømes Vest-Telemark Næringsforum og næringshagane, har vore med i arbeidsgruppene. I tillegg har lokale verksemder gjennom Næringshagekonsortiet vore leverandør på fire av fem arbeidspakker i prosjektet.

7.2 Anskaffing

Samarbeidet mellom næringshagane skapte mange positive synergiar, og er eit godt døme på korleis ein kunne nytte den spisskompetansen verksemder i dei ulike næringshagane sat inne med. Dette førte til at konsortiet blei konkurransedyktig på ein så stor og fagleg brei leveranse som dette Byregionprosjektet.

Vi ser likevel i ettertid at nokre av leveransane er litt prega av subjektivitet og farga av interne tilhøve. Prosjektet kunne hatt nytte av fleire eksterne syn og objektive drøftingar på ein del av problemstillingane.

Anskaffinga med arealføremål, arbeidspakke 4 – blei levert av firma utanfor regionen (Bergen). Denne leveransen har vore noko meir prega av ekstra kommunikasjon for å informere om lokale høve og målsetting med arbeidet, men shuttleleveransen var god og i tråd med målsettinga.

Vi ser og at kvaliteten på leveransane, kommunikasjonen og gjennomføringa av arbeidet er svært avhengig av kva for personar som er ansvarleg for gjennomføringa.

7.3 Prosjektleiing

Det vanlege i tilsvarende prosjekt er at ein prosjektleiar blir leigd inn eller tilsett. Denne blir "ansvarleg for alt". Det blir ein einsam jobb med mange og omfattande oppgåver og ofte har prosjektleiaren små ressursar å jobbe med. Prosjektleiaren vår har hatt denne oppgåva som ein del av jobben som utviklingsleiar i Vest-Telemarkrådet. Det har vore ein økonomisk fordel å nytte "intern prosjektleiar" med erfaring frå tidlegare liknande prosjektarbeid, og ikkje minst med god kjennskap til regionen og eit stort, etablert nettverk.

Det har også vore ein styrke med ei styringsgruppe sett saman av sentrale personar i alle Vest-Telemarkkommunane, alle med god kjennskap til regionen og eit godt nettverk. Medlemmene i styringsgruppa fekk i oppgåve å vere leiar eller medlem i arbeidsgruppene, som i tillegg hadde representantar frå næringslivet eller viktige delar av kommune-forvaltinga i Vest-Telemark.

7.4 Nettverkssamlingane i regi av Distriktsenteret

Samlingane ga verdifullt fagleg påfyll for alle deltakerane i styringsgruppa. Dette hadde det vore vanskeleg å få til utan slike samlingar. Det faglege innhaldet har gjennomgåande vore godt, og med parallellesesjonar har den enkelte deltatt på det som har vore mest relevant. Styringsgruppa hadde i tillegg intern informasjonsdeling etter parallellesjonane. At samlingane i tillegg har vore ein del av Byregionprosjektet og dermed finansiert eksternt, har vore avgjerande for at heile styringsgruppa har deltatt på alle samlingane .

Deltakerane i gruppa har fått utvida nasjonalt og regionalt nettverk som og har vore relevant og verdifullt for den daglege jobben i kommunane.

Styringsgruppa nytta pauser og ”fritid” til effektive arbeidsmøte/samlingar i prosjektet, mellom anna med anskaffingane, med gjennomgang av tilbod og val av leverandør til arbeidspakkene. Ved alle samlingane blei det reservert møterom som blei bruka som intern møteplass og til nettverksbygging.

Styringsgruppa har internt også opplevd samlingane som positive samarbeidsfora som elles ville ha vore vanskeleg å få til med ”tradisjonelle møte”. Det har vore av stor sosial verdi å reise saman, arbeide saman og oppleve ting saman. Fellesskapet har blitt betydeleg styrka.

Frå kommunane si side har programmet gitt deltakarane fagleg påfyll med relevant, fersk kunnskap på nasjonalt nivå. Styringsgruppa har fått utvida nettverk i heile landet. Dette har ført til at deltakarane ikkje har følt seg som ”vesle Vest-Telemark”, noko som er viktig for den vidare utviklinga.

8.0 Vegen vidare

8.1 Felles plan

Styringsgruppa vil med grunnlag i erfaringane den har fått gjennom deltaking i Byregionprogrammet tilrå at det blir laga ein felles plan for vidare utvikling i Vest-Telemark. Om dette skal ha form som ein overordna utviklingsplan, eller som ein utvida næringsplan for Vest-Telemark må Vest-Telemarkrådet avgjere.

I ein slik plan må "nye trugsmål" handsamast. Dette gjeld til dømes:

- Regionreforma. Vest-Telemarkkommunane blir små i det nye fylket. Alle har betydeleg lågare innbyggjartal enn den minste kommunen i Vestfold. Kvar skal vi finne styrken for å bli ein sterk region?
- Mangelen på ei samla og tydeleg røyst frå regionen,
- Økonomiske konsekvensar, mellom anna ved bortfall av kraftinntekter og endra eigedomsskatt,
- Politireforma sin verknad på bukvalitet/attraktivitet/kriminalitet,
- Utfordringar på arealplansida, og på samferdselssida/vegutbygging/vegvedlikehald.

8.2 Næringsareal

Det interkommunale selskapet Vest-Telemark Næringsbygg bør ha ansvar for å etablere eit samla oversyn over tilgjengeleg kommunalt næringsareal i VT-regionen.

Det bør til dømes vurderast om regionen skal ha eit oversyn over "eigna lokasjonar" for ulike typar næringsverksemد, for å redusere konkurransen om nyetableringar. Eit døme på dette var utgreiinga om kor i Vest-Telemark det var mogleg å tilfredsstille krava til å kunne få etablering av eit større datalagringssenter, som vi hadde fått førespurnad om.

8.3 Avsluttande tiltak

Styringsgruppa vil lage eit arrangement som avslutning på prosjektet, for å stake ut vegen vidare sammen med sentrale aktørar i VT-kommunane, Telemark fylkeskommune, og Distriktsenteret. Det bør og vurderast deltaking frå Innovasjon Norge og sentrale næringslivsaktørar, både i og utanfor næringshagemiljøa. Gruppa ynskjer difor å gi ein brei presentasjon av resultata i ByRegionprosjektet på møtet i Vest-Telemarktinget 11. desember 2018. Her møter rådmenn, ordførarar og andre sentrale politikarar i heile regionen, i tillegg til dei inviterte.

Gruppa ynskjer i dette arrangementet å nytte Geir Lyngås i Distriktsenteret til å presentere ny kunnskap frå vellykka prosjekt for distriktsutvikling, erfaringar frå dei som har lykkast – og ikkje lykkast, og presentere 10-punktsmodellen for lokalt utviklingsarbeid.

Det er og ynskjeleg å legge opp til ei arbeidsøkt i grupper for å få innspel til korleis regionen skal ”stake opp vegen framover”. Dette kan bli eit godt grunnlag for arbeid med ny næringsplan/utviklingsplan for regionen, men ikkje minst få innspel til korleis vi kan jobbe med områder som til dømes:

- Utvikling av bygdebymiljø, mellom anna med fortetting i bygdebyane, samspelet mellom bygdesentra og omland (jfr. Bygdepakke-prosjektet i Bø/Sauherad)
- Bygdepakke/ vegpakke Vest - Telemark
- Kultur, natur, reiseliv, mat – felles reiselivsstrategi
- Ta eigarskap i utviklingsprosjekt der regionen har etablert fagtyngde og posisjon, slik som «Bygg i Tre» - satsinga.
- Tilbod om produktutvikling og tenesteleveransar for små og mellomstore bedrifter gjennom det etablerte IT-miljøet vi har – ta posisjon for å bli ein ”Smart digital region”
- Vidareutvikle og synleggjere nye buformer og bustadattraktivitet i regionen

Mange av desse områda kan forankrast inn i fylkeskommunen sin Areal- og transportplan (ATP) 2019-2022. Det vil vere mogleg å få noko økonomisk hjelp her for å starte med eit forprosjekt som igjen må forankrast inn i dei kommunale planane.